

Rogaland Senterparti
Fylkestingsprogram 2015-2019

#GRØNE BYAR

#LEVANDE BYGDER

#SMÅ FORSKJELLAR

1.0 Grunnsyn

Senterpartiet vil at Norge skal byggja framtida på vår nasjonale arv og vårt demokratiske styresett, på dei kristne grunnverdiane og humanistiske verdiar i pakt med desse. Vår politikk er å skapa eit fellesskap av frie, sjølvstendige menneske, der den private eigedomsretten står sentralt.

Retttferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp. Ramma kring den personlege fridomen er ansvaret og dei pliktane den einskilde har som medlem av fellesskapet.

Senterpartiet vil at samfunnet baserer seg på forvaltartanken, der ressursane skal haustast på ein måte som ikkje øydelegg grunnlaget for framtidige generasjonar. Dette pregar synet vårt på naturen, miljøet og økonomien.

1.1 Samfunnet må byggas nedanifrå.

Trygge og gode lokalsamfunn er ein av grunnsteinane i Senterpartiet sin politikk. Rogaland skal vera eit godt fylke å bu i for alle. Senterpartiet ynskjer å gje born og ungdom ein trygg og god oppvekst. Det skal vera attraktivt å busetja seg i alle delar av fylket. Difor er det viktig med eit levande folkestyre, som kan utvikle gode utdanningstilbod og styrke moglegheiter for arbeid, fritidsaktiviteter, gode velferdstilbod og godt kollektivtilbod og samferdsle i heile fylket.

1.2 Ta heile Rogaland i bruk.

For å sikre velferda til nåverande og framtidige generasjonar, må ressursane utnyttast på ein berekraftig måte. Senterpartiet meiner det er god samfunnsøkonomi å utnytte dei naturgitte og menneskelege ressursane i heile fylket. Det er eit politisk ansvar å sørge for næringsutvikling i alle delar av fylket, blant anna gjennom å sikra tilgang til kompetent arbeidskraft. Utvikling av infrastruktur skal vera framtidsretta og gje gode moglegheiter for utvikling for næringsliv og innbyggjarar i heile fylket.

Ein kommune er folket sin reiskap for å påverka utviklinga av lokalsamfunnet deira. Lokalsamfunnet er ein viktig del av det fellesskapet som gjev innbyggjarane identitet og fotfeste. Ei kommunesamanslåing gjev færre folkevalde og svekker innflytinga til politikarane.

Senterpartiet meiner at samanlikna med andre europeiske land er norske kommunar mellomstore målt etter folketall og store målt etter areal. Kommunestrukturen skal avgjerast ved folkeavstemming.

Senterpartiet vil stå som garantist mot norsk EU-medlemskap og arbeide aktivt mot en norsk EU-søknad. Vi vil arbeide for å erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtaler med EU.

Rogaland vil oppleve ein stor vekst i folketalet. Senterpartiet vil at veksten skal kome heile fylket til gode.

2. VIDAREGÅANDE UTDANNING

Den vidaregåande skulen i Rogaland skal være den mest innovative og nytenkjande i Norge. Rogaland Senterparti vil ha ein desentralisert skulestruktur som er tilpassa lokale forhold. Vi er opptekne av å sikre gode lærings- og arbeidsmiljø i vidaregåande opplæring, og vil prioritere innhald og kvalitet før store nyinvesteringar i skolebygg. Senterpartiet vil sikre ei effektiv ressursutnytting som tek hand om alle dei vidaregåande skulen fylkeskommunen eig. Fylkeskommunen skal vera ein aktiv skuleeigar, og syte for at skuleleiingane har kontinuerleg fokus på varierte og gode undervisningsformar tilpassa den einskilde eleven, fortrinnsvis innanfor ramma av fellesskapet. Vi meiner at praktisk og teoretisk kunnskap må bli anerkjende på lik linje i skulen.

Utdanning skal være gratis. Det viktigaste med skulen er kvaliteten på det som skjer inne i klasserommet. Senterpartiet meiner det er viktig at elevane vert sikra medverknad i eigen skulekvardag, både når det gjeld undervisning, skulemiljø og evalueringsformer. Senterpartiet ønskjer at alle skal fullføre vidaregåande opplæring.

Vi vil styrkje samarbeidet mellom ungdomsskuletrinnet og den vidaregåande skulen.

Det viktigaste arbeidet læraren gjer er tida dei har ilag med elevane. Difor må læraren ha tilstrekkeleg tid til førebuing og etterarbeid. Dette inneberer at skuleeigar må senke rapporteringskravet og frigi tid til læraren som profesjonsutøvar.

Senterpartiet vil:

- Ha tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv allereie frå ungdomsskulenivå.
- Tilby alle elevar gratis skulemåltid kvar dag.
- Etablere eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen der den vidaregåande skulen ligg.
- Sikre ei likeverdig skulehelse- og rådgivartjeneste på alle vidaregåande skular i fylket.
- Starte oppfølgingsprogrammet "Ung på hybel" for bortebuande elevar.
- Redusere rapporteringsmengda for lærarar.
- At det skal vere mogleg å ta vidaregåande fag på ungdomsskulen.
- Opprette påbyggingskurs for alle som skal bli kontaktlærarar.
- Opprette fadderordning for fyrsteklassingar på grunnkurs for å hindre fråfall.
- At ungdomsskuleelevar skal få ta del i reelle skuledagar på vidaregåande skule i staden for skulebesøk.
- Arbeide kontinuerleg for gode elevmiljø.
- Ha eigne miljøarbeidarar på alle vidaregåande skular for å førebygge mobbing.
- Etablere mobbeombod i Rogaland.
- Gje fortrinnsrett til barnehageplass for elevar i vidaregåande skule som har blitt foreldre under utdanninga
- Tilby læraren etter- og vidareutdanning i digitale ferdigheiter og pedagogisk bruk av digitale verktøy.
- Arbeide for å sikre eit læremiddelbudsjett som gjer at skulane har råd til å kjøpe inn naudsynte læremiddel.

2.1 Yrkesfag

Det er ofte utfordrande å skaffe læreplassar til alle elevar på yrkesfag. Målet er at alle lærlingar skal få tilbod om læreplass. For å få dette til må det satsast på å etablere tette og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen og næringslivet.

Senterpartiet vil:

- Tilby fleksible utdanningsløp på yrkesfag.
- Satse på praktisk utdanning.
- Gjere grunnkurser på vidaregåande mindre teoritunge.
- At utstyrsstipenda dekkjer dei faktiske utgiftene.
- At lærlingar skal kunne ha praksis i utlandet.
- At lærlingar skal ha dei same rettane som elevar, til dømes studentrabatt.
- Gjennoppretta og utvide TAF (teknisk-allmenfag)-ordninga og vekslingsmodellen.
- At det offentlege skal ha 3 lærlingplassar per 1000 innbyggjar.
- At alle yrkesfagselevar skal få tilbod om enten lærlingplass eller eit alternativt opplegg i skulen.
- Sikre rekruttering av lærarar.
- La vekslingsmodellen bli eit val for dei som ynskjer det.
- Opprette utdanning for el-bil-reparatørar.
- Gjere Øksnevad og Vinterlandbruksskulen til strategiske skulesatsingar, og særleg knytte desse til utviklinga av matfylket Rogaland. Ei satsing på naturbruk både på land og til havs vil kunne bidra til å forsterke Rogaland som Norges matfat.
- Innføre krav om lærlingeplassar ved offentlege anbod

2.3 Vaksenopplæring

Fagopplæringa og støttetjenestane må styrkast slik at fleire kan fullføre utdanningsløpet.

Senterpartiet vil:

- Tilby etterutdanning til vaksne med lese- og skrivevanskar.
- Utvikle fagskuletilbodet i samarbeid med kommune og næringsliv.
- At skulen må ha eit tett samarbeid med næringslivet for å utvikle læreplassar.
- Sikre at minoritetsspråklege med godkjend utdanning frå heimlandet raskt får utdanninga vurdert, eventuelt med tilbod om tilleggsutdanning for å kunne jobbe innan same yrkesfeltet i Norge.
- Tilby og stimulere ikkje-yrkesaktive kvinner med minoritetsbakgrunn til norskopplæring.
- At fylkeskommunen som arbeidsgjevar skal ta imot ynskje om studium og tilby studia så langt det er moglig.
- Styrke samarbeidet med studieforbunda for auka satsing på livslang læring.

2.4 Høgare utdanning og forskning

Senterpartiet i Rogaland meiner det er viktig å styrke og utvikle studiesentra i regionane. Høgare utdanning i regionane er under press, og Senterpartiet meiner det er viktig å oppretthalda dei. Studiestadane må tilby relevante studium som er ettertrakta for næringslivet i heile fylket. Det er viktig å tilby både heiltids- og deltidsstudium.

Senterpartiet vil:

- Styrke og utvikle mogleikane til å ta høgare utdanning i regionene slik som nettskulen og UIR.
- Tilby skreddarsydde og desentraliserte utdanningstilbod i regionane.
- Ved UiS, høgskulen Stord/Haugesund og veterinærutdanninga på Høyland, Sandnes bør ein satse på tiltak for å styrkje undervisning og forskning, og tiltak som gjer det lettare for studentar når det gjeld bustader og sosiale tiltak.
- Studiestadane må tilby relevante studium der det er behov for i både offentleg og privat arbeidsliv i heile fylket.

3.0 Ung i Rogaland

Ungdomen er framtida og ein ressurs. Barn og unge kan og vil. Det er viktig at dei slepp til der avgjerslene blir tekne. Rogaland Senterparti vil styrke ungdomen sin posisjon gjennom styrking av skuledemokratiet og gjennom å oppretta Ungdomens Fylkingsting i Rogaland.

Barn og unge si psykiske helse som må prioriterast gjennom konkrete tiltak. I tillegg må Rogaland være et fylke for livskvalitet frå ung til gammal. Senterpartiet ser på det å sikre gode oppvekstvilkår for alle med likeverdige mogleikar som vår viktigaste oppgåve.

Senterpartiet vil:

- Gjenninnføre ordninga med kulturkort for ungdom, som gjev reduserte priser på ei rekke arrangement, konsertar og liknande.
- Ha mobbeombud og miljøarbeidarar på alle vidaregåande skular for å hindre fråfall.
- Opprette ungdommens fylkingsting i Rogaland for å gje ungdom i Rogaland større påvirkingskraft.
- Opprette ei finansieringsordning for elevråda på vidaregåande skular.
- Ha fokus på barn og unge si psykiske helse.
- Prioritere folkehelsearbeid i samarbeid med frivillige organisasjonar og vektlegge barn, unge og minoritetsgrupper spesielt.
- Arbeide for rusfrie ungdomsklubbar og fritidsaktivitetar retta mot ungdom.
- Gje elevar på vidaregåande skule høve til å ta lappen som valfag.
- Ha trafikalt grunnkurs som valfag på ungdomsskulen.
- Styrke kompetansen og opplæring om psykisk helse i ungdomsskulen.

4.0 KULTUR, IDRETT, FOLKEHELSE & FRIVILLIGHEIT

Senterpartiet vil ha eit kraftig kulturløft. Kultur bind menneske saman på tvers av ulikskapar, og kultur skapar fellesskap og personleg vekst for både utøvarar og publikum. Kultur er ein viktig trivselsfaktor i lokalsamfunnet og er med på å halde oppe busetnadsmønsteret.

Senterpartiet meiner at amatørar og profesjonelle er like viktige. Me meiner at situasjonen i dag, der amatørane og dei profesjonelle tevlar om dei same stønadsordningane, er ufordelaktig og me vil endre på dette.

Senterpartiet vil styrke det frivillige organisasjonslivet. Frivillige lag og organisasjonar er berejmelkane for kulturlivet i lokalsamfunna. Dette må synast, og støttast opp om. Noko av det viktigaste for eit frivillig lag er ein stad å ha aktivitetane sine.

Vi vil gjere Rogaland til eit føregangsfylke innan friskliv og folkehelse. Senterpartiet vil leggje til rette for ein aktiv kvardag for alle. Innbyggjarane i Rogaland skal kunne vere "aktive kvar dag" etter eigne ynskje og føresetnader, på allment tilgjengelege område i naturen, og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Å få fleire i aktivitet er eit viktig førebyggingstiltak som må prioriterast høgt.

Senterpartiet sitt mål er ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og motverkar sosiale helseskilnader. Uavhengig av kor ein bur eller kor mykje ein tener skal ein ha lik tilgang til grunnleggande helsetenester. Alle innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang til offentlege tannklinikkar innan akseptabel reisetid.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for at dei fylkeskommunale stønadsordningane delast i to like pottar, slik at amatørar og profesjonelle utøvarar ikkje skal søkje på dei same stønadsordningane.
- At fylkeskommunale bygg skal kunne nyttast vederlagsfritt av frivillige lag og organisasjonar.
- At musikklivet i fylket skal ha tilgang til gode og tilpassa lokale til øving og konsertar.
- At det skal opprettast ei ny stønadsordning til vedlikehald, ombygging og utbygging for frivillig eigde hus som grendehus, ungdomshus og bygdehus o.l
- At digitale tenester og programvare skal liggje føre både på nynorsk og bokmål.
- At alle offentlege organ i Rogaland fylkeskommune skal følgje Mållova. Å gje tilbod om fagleg påfyll, som t.d. nynorsk kurs, er eit sentralt verkemiddel for oppnå dette.
- At alle kommunar i fylket bør vedta målbruksplanar.

- Styrkja fylkesbiblioteket og samarbeidet deira med kommunane.
- At musea skal vera tilgjengeleg for alle, dvs både universelt utforma, og halda låge prisar.
- Auke støtta til friluftsråda.
- Tilretteleggje for alle gjennom planar for samanhengande turstiar og friluftsområder.
- At fylkeskommunen gjennom ordninga med spelemiddel stimulerer kommunane til betre samarbeid om felles idrettsanlegg.
- At idrettsavdelinga i Fylkeskommunen skal styrkje samarbeidet med kommunane for å legge til rette for at eldre og pensjonistar kan delta aktivt i kultur og friluftsliv.
- Vere pådrivar for desentralisering av spesialisthelsetenester og oppretting av lokalmedisinske senter i bydelar, kommunar eller samarbeidande kommunar.
- At det skal vera krav til eit sunt og godt mattilbod i kantine til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane
- Vidareutvikle den kulturelle spaserstokken
- Arbeide for tiltak for betre tannhelse til eldre og arbeide for tiltak for rimelegare tannbehandling.
- Arbeide for at nytt sjukehus blir plassert nær kollektivknutepunkt (tog, buss, båt), slik at flest mogleg kan reise kollektivt.

5.0 SAMFERDSEL

Målet for Senterpartiet sin samferdselspolitikk er eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem. Det må dekke samfunnets behov for transport og fremja regional utvikling.

Rogaland har gjennom fleire år utarbeida gode regionale areal- og transportplanar. Senterpartiet vil arbeide for å følgje opp vedtekne regionale transportplaner, gjennom klare budsjettmessige prioriteringar.

Senterpartiet vil:

- Gjere kollektivtrafikk og sykling til dei mest attraktive reisemåtane i sentrale byområde.
- Arbeide for å ta igjen etterslepet på vegvedlikehald.
- Auke rammene for investeringar i fylkesvegprosjekt.
- Arbeide vidare med å få Gandsfjord bru som ein del av Bypakke Nord-Jæren.
- Forbetre pendlarruter som gjer at folk kan bu i distrikta og pendle inn til byane.
- Stille krav om “parker og reis” ved kollektivknutepunkt.
- Ha “trygt heim for ein 100-lapp” i alle kommunar utan nattbusstilbod.
- Styrke TT- ordninga
- Tilrettelegge for å få meir gods over på sjø og bane.
- Jobbe for sykkeltrasé mellom Stavanger og Bryne.
- Auke satsinga på gang- og sykkelveger.
- Satse på trafikkopplæring for sykkel, som eks. sykkelgarden på Sandnes, blir eit tilbod i heile fylket.
- Sikre eit godt nettilbod i heile fylket.
- Etablere tilstrekkelig døgnkvileplassar med tenelege fasilitetar for langtransport.
- Arbeide for å sikre taxitilbod i distrikta.
- arbeide vidare med å få Ryfylkeporten, tunnelen Espedal-Frafjord, realisert.
- Arbeide for utbetring av Fv 529 Prekestolvegen mellom Jøssang og Preikestolhytta.
- At elevar med trafikkfarleg skuleveg skal kunne kjøpe buskort til ungdomskortpris.
- Arbeide å innføre eigne sykkelvogner på Jærbanen.
- Redusere billettprisane for syklistar på Jærbanen
- Arbeide for at alle husstandar får tilgang til breiband, og at heile fylket får mobildekning og dekning av mobilt breiband.
- Sørge for at alle båtsamband i fylket blir behandla likt når det gjeld tilskot til øyar som med busetnad.
- Jobbe for auka rutefrekvens til Norges minste kommune, Utsira (4 avganger pr. dag hele året)
- Støtte planlegging av E 39 som firefeltsvei på strekningen Stavanger-Kristiansand
- Vere ein aktiv pådrivar i NTP-arbeidet, blant anna for gjennomføring av:
 - at E134 blir den prioriterte aust-vest forbindelsen
 - å sikre ferjefri kyststamveg E39
 - vidare rassikring og utbedring RV 13
 - å ha eit samanhengande riskvegnett til sentrale havnar og flyplassar
 - vidareutvikling av Jærbanen med dobbeltspor, gjenopning av Ålgårdsbanen og utbetring av Drangsdalen

- å starte opp arbeidet med høgfartsbane
- at staten tek ansvar for finansieringa av riksvegprosjekt.
- å sikre eit høgt nivå på investeringar til rassikring, og at Rogaland får sin del av den nasjonale satsinga.

6.0 NÆRINGSUTVIKLING

Målet for Senterpartiet er at alle skal ha ein reel mogleik til å busette seg i heile fylket. Ein aktiv distrikts- og næringspolitikk er ein føresetnad for å nå målet. Tilgang på arbeidsplassar som gjev høve til å bruke kompetanse og utdanning er bestemmande for val av busted.

Senterpartiet vil at fylkeskommunen skal styrke sin status som regional utviklingsaktør. Partiet vil derfor legge til rette for ein aktiv næringspolitikk i heile fylket, t.d med regionale næringsområder utanfor storbyane.

Senterpartiet vil arbeide for å sikre eit rettferdig arbeidsliv, like konkurransevilkår og arbeide mot sosial dumping.

Senterpartiet i Rogaland vil leggja vekt på følgjande hovudområde for utvikling av næringslivet i fylket:

- Matfylket Rogaland
- Energifylket Rogaland
- Reiseliv
- Entreprenørskap

6.1 Matfylket Rogaland

Senterpartiet vil ha ein aktiv landbrukspolitikk som gjev sikker mat, landbruk i heile fylket, auka verdiskaping og som sikrar ei bærekraftig næring. Maten er utgangspunktet for den største komplette verdikjeda i fastland-Norge. Å sikre tilgang på nok og kompetent arbeidskraft er ein grunnleggande føresetnad for ei konkurransekraftig landbruksnæring.

Hav- og oppdrettsnæringa vil bli ein viktigare industri i framtida grunna befolkningsveksten i verda. Senterpartiet ønsker ei berekraftig utvikling av hav- og oppdrettsnæringa. Då må me legge til rette for å gje næringa føreseielege rammevilkår og verkemiddel for å unngå sjukdom.

Rogaland Sp vil ha eit tydeleg fokus på å gje gode vilkår for næringsmiddelindustri i Matfylke Rogaland.

Senterpartiet vil:

- Gje landbruksnæringa og landbruksmiljøa gode utviklingsmogleikar og vilkår som skapar framtidsoptimisme og trygghet.

- Støtte fagmiljø for kokkar og restaurantar.
- Støtte arbeidet med gards- og lokale matproduksjonar.
- Gje mulighet til å satse på økologisk landbruk
- Etablere strengare kontroll av oppdrettsnæringa, og gje Mattilsynet betre sanksjonsmogleikar.
- Etablere ei arealavgift for oppdrettsnæringa.
- Legge til rette for vidareforedling innan skognæringa.
- Sikre utskipingskaier for skognæringa.
- At Rogaland fylke er aktiv deltakar i kystskogbruket.
- Fokusere på kortreist mat, også for foredling av fisk.
- At Fylkeskommunen saman med kommunane skal styrkje haldningsskapande arbeid for å redusere matsløsing.

6.2 Energifylket Rogaland

Rogaland er eit betydeleg energifylke, og sentrum for norsk olje- og gassverksemd. Senterpartiet skal bidra til at denne posisjonen blir ivareteke. Samtidig vil Senterpartiet leggje til rette for at fylket fortsatt skal vera ledande utviklar innan fornybar energi, og styrke arbeidet med alternative energikjelder.

Senterpartiet vil:

- Satse på miljøvennlig og framtidsretta energiproduksjon og energibruk.
- At fylkeskommunen skal kompensere kraftkommunars tap av konsesjonskraft ved omlegging frå elektrisk oppvarming til miljøvennleg fjernvarme.
- Ha ordningar som sikrar at kommunar blir kompensert ved utbygging av vindkraft.
- Opne for bygging av småkraftverk i verna vassdrag når dette ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.
- Auke tilgangen på fornybar energi gjennom å gje investeringstilskot til varme- og bioenergi.

6.3 Reiseliv

Rogaland fylke er eit viktig reiselivsfylke.

Senterpartiet vil:

- Vidareutvikle reiselivet i Rogaland gjennom auka satsing på kompetanse- og kvalitetssikring.
- Utvikle nye turistprodukt der ein kombinerer lokal matkultur med reiseliv.
- Styrkje samarbeidet mellom landbruket og reiselivsnæringa for å oppretthalde arbeidsplassar og kulturlandskap i fylket.

6.4 Entreprenørskap

Nyskaping og entreprenørskap er med på å skape morgondagens arbeidsplassar.

Senterpartiet vil:

- Styrkje etablerartenesta for nyetablering av bedrifter.
- Foreta ei samordning av næringspolitiske verkemiddel, der målet er at nyetablerarar kan benytte «ei dør».
- Styrke Ungt entrepenørskap
- Støtte opp om næringshagar og lokale næringsklynger
- Legge til rette for auka bruk av beiteressursane.
- Gjeninnføre ordninga med kommunale næringsfond som omfattar dei 7 kommunane Lund, Sokndal, Bokn, Vindafjord, Kvitsøy, Utsira og Finnøy.

7.0 Jordvern

I Norge er berre 3 % av landarealet dyrka mark. Til samanlikning består 38 % av landarealet av skog og 44 % av fjell og vidde.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for å endra loverket slik at all dyrka mark og dyrkbar mark blir gitt eit juridisk vern mot omdisponering og nedbygging.
- At omdisponering må skje i minst mogleg grad.
- Arbeide aktivt for å auke verdien av matjord.
- Ta i bruk andre virkemiddel for å gjere omdisponering mindre attraktivt, som for eksempel krav om nydyrking av det dobbelte av arealet som blir omdisponert, og krav om å tilbakeføre matjordlaget på omdisponerte områder til matproduksjon.
- Ved planlegging av nye samferdselstiltak skal ein velje alternativ som tek minst matjord.
- Arbeide for at vegnormalane til Statens vegvesen blir meir arealbesparande med tanke på matjord.
- At tvilen skal komme matjorda til gode i spørsmål om store utbyggingar av infrastruktur, boligområder eller industri.
- Hindre tap av matjord gjennom gjengroing, og derfor må landbrukspolitikken bli utforma slik at ein opprettheld landbruk i hele landet.
- At hensynet til jordvern skal vega tungt i arealplanlegging av nye boligfelt. Fylket må bidra aktivt for å leggja til rette for gode samferdselsløysningar til uproduktive utbyggingfelt.
- Ha betre merking og auka merksemd kring dei langsiktige grensene for jordvern.
- Bruke langsiktig grense for landbruket i regionalplan Jæren som en absolutt grense for utbygging i regionen.
- Innføre søknadsplikt for oppkjøpsavtaler i soner som er verna mot utbygging.

8.0 Miljø og Klima

Vi må ta omsyn til miljøet og naturressursane i alle aktivitetar vi gjer. Dei største miljøproblema er globale, samtidig kan ein seie at all forureining skjer lokalt. Det er summen av all lokal forureining som leier til dei globale miljøproblema. Senterpartiet ynskjer ei berekraftig forvaltning av naturressursane våre. Det inneberer at vår utvikling må imøtekomme dagens behov utan å øydelegge mogleikane for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov. Omsynet til miljø og klima må være gjennomgåande i alle ting vi gjer, og i all politikk fylket tar føre seg. Rogaland Senterparti satsar offensivt på klimatiltak og fornybar energi.

Skogen er, ved sidan av havet, den viktigaste kilda til å binde karbon. I tillegg til å ha ein positiv effekt på klima vil auka bruk av skog bidra til auka sysselsetting, næringsutvikling og mogleikar for eksport av teknologi. Satsing på skog er derfor eit kinderegg av moglegheiter - for klima, for verdiskaping og for distriksutvikling.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for auka forskning innan alternativ energi
- At kraftressursane innan eksisterande, små og gamle kraftverk blir betre utnytta.
- Satse på tiltak for betre å utnytte skogen som klimaresurs.
- Støtte biogassanlegg til drift av bussar.
- Ta i bruk skog- og trenæringa sitt potensiale for verdiskaping og sysselsetting i hele Rogaland.
- Auke skogplantinga og bruk av trevirke som en fornybar ressurs og som ei av løysingane på klimautfordringane.
- Støtte «skog22», Nasjonal strategi for skog- og trenæringen.
- Auke bevillingane til investeringar i skogbruket, herunder skogsveger, skogplanting, ungsogpleie.
- Auke innsatsen på førebygging av klimaskader som løyvingar til flom-, erosjons- og rassikring og sikring av infrastruktur.
- At revisjon av konsesjonsvilkåra for kraftutbyggingar skal bidra til gode miljøtiltak og mest mogleg artsmangfold i dei utbygde vassdraga.
- Utnytte og forvalte naturressursane med tanke på neste generasjon.
- Ha tiltak for å redusera biltrafikken, særlig i byane.
- At Rogaland og Norge må bli eit føregangsland i klima-tiltak.